



TOKKE KOMMUNE

LANDBRUKSPLAN

2016 –2020

22.11.16 Ferdig handsama av kommunstyret



Sau

på

beite

i

Byrte.

Innhald:

1.Innhald.....	2
Forord.....	3
Organisering.....	4
2.Tokke kommune-kommunefakta.....	4
Ressursgrunnlaget og nøkkeltal for landbruket i Tokke.....	4
Utvikling i folketallet.....	7
3.Overordna mål for Tokke-samfunnet.....	7
Koplinger til andre kommunale planar.....	7
4.Visjon og mål	8
Visjon.....	8
Hovudmål.....	8
5.Strategiar og tiltak.....	8
5.1 Tokke kommune skal sikre areal- og ressursgrunnlaget for landbruket.....	8
5.2 Tokke kommune skal medverke til å sikre kulturlandskapet med bygningar kulturminne og kulturmark og verdifulle naturområde.....	9
5.3 Tokke kommune skal medverke til å sikre leveområde og levskraftige bestandar av planter, fisk og vilt.....	10
5.4 Tokke kommune er ein kommune for landbruket.....	10
5.5 Tokke kommune skal kunne tilby landbruksrådgjeving med høg fagkompetanse.....	10
5.6 Avløysing på husdyrbruk.....	11
5.7 Tokke kommune skal medverke til auka lokal foredling av landbruksprodukt.....	11
5.8 Tokke kommune skal medverke til ein skogkultur som gjev kvalitet og god vekst i framtidsskogen.....	11
5.9 Tokke kommune skal medverke til at infrastrukturen i skogen ikkje forfell.....	11
6.0 Evaluering av førre plan 2012-2016.....	12
6.1 Oversyn over utbetalingar til landbruket frå kommunen i 2013-2015.....	12
6.2 Forvaltning av tilskott og storleiken på tilskotta.....	13
6.3 Føremål det kan gjevast tilskot til i Tokke kommune.....	14

1.0 INNLEIING

Forord

Kommunane er etter ulike lovendringar planmynde, bygningsmynde, landbruksmynde. Mange av dei måla kommunen set for utvikling i sitt område har tilknyting til bruken av fast eigedom. Stikkord er næringsutvikling både i- og utanom landbruket, vern av produktive areal, busetting og tilgang til friluftsområde. Dei juridiske virkemidla for å nå desse måla er mange, og det er viktig for kommunen å planleggje i medhald til plan- og bygningslova. Verkemiddel finnast m.a. i konsesjonslova, jordlova og konsesjonslova sine reglar for bu- og driveplikt.

Kommunen har vist spelerom innom konsesjonslovas virkeområde, t.d. skal spørsmål knytt til strukturutviklinga i landbruket og busetting avgjerast av kommunen.

Vi vil understreke at formålet med konsesjonslova er å verne produksjonsareala i landbruket og å sikre gode eigar- og brukstilhøve.

Denne landbruksplanen skal vera ein arbeidsreiskap for politikarar og administrasjon i Tokke kommune.

Den omhandlar og legg føringar på område av landbrukspolitikken der kommunen har ansvar og kan ha innverknad.

I utviklinga av landbruket i Tokke er det likevel næringa sjølv som må vera drivkrafta og ha hovudansvaret med kommunen som ein aktiv medspelar.

Denne planen kan òg vere ein hjelp til næringa sjølv. Med landbruk meiner ein forvaltning og bruk av jord, skog og utmark.

Det er stor variasjon i landbruket i Tokke. Her er alt frå område med gode vilkår for eit sterkt og tradisjonelt landbruk til område som ligg til rette for landbruksbaserte tilleggsnæringar. Planen tek omsyn til dette og stimulerer til denne variasjonen.

Landbruk gjeld ikkje berre bøndene. I tillegg til produksjon av mat og råstoff er landbruket den viktigaste leverandøren av kulturlandskapet rundt oss. Difor gjeld landbruket alle innbyggjarane i kommunen, og landbruket skal vere med på å gjere Tokke til ein god stad å bu.

Dalen 21. april 2016

Sverre Bakke
Landbrukssjef

ORGANISERING

Formannskapet i Tokke kommune fatta i 2004 vedtak om å utarbeide landbruksplan for fyrste gong. Dette arbeidet vart gjort. Den galt frå 2005 –2008.

I 2008 vedtok kommunestyret samrøystes ein ny plan. Tiltaka i planen vart ikkje implementera i kommunen sitt budsjett og planen verka ikkje slik ein tenkte ein landbruksplan skulle virke.

Det har ein teke lærdom av det. Ein plan må vera dynamisk og endringar må gjerast når det ikkje er samsvar mellom den politiske vilje og føresetnader i planen. I denne perioden, har det i største delen av perioden vore samanheng mellom det ein ynskjer i planen og virkemiddela. Denne nye planen skal gjelde frå 2016 til 2020.

I lest, så byggjer denne planen på den gamle. Det er vår vurdering at den ligg tett opp til dei krav og ynskje ein set til ein slik plan.

Vi har gjort det slik at PNK jobbar ut eit framlegg der samtaler med faglaga er ein del av grunnlaget. Planen vert drøfta i UTU som er vårt politiske utval og formannskapet som er planutval, før den vert sendt ut på høyring.

Etter at høyningsfristen er ute sender PNK ut eit endeleg utkast som vert lagt fram til politisk handsaming for UTU, FS og kommunestyret.

2.RESSURSGRUNNLAGET OG NØKKELTAL FOR LANDBRUKET I TOKKE

Vilkåra for landbruksnæringa i Tokke er styrt av naturgjevne tilhøve som klima og topografi, i tillegg kjem den nasjonale og lokale landbrukspolitikken.

Landbruket i Tokke er mest prega av eit småskala landbruk med mindre bruk der ein hentar ein vesentleg del av inntekta utanfor bruket, men her er òg bruk der landbruket utgjer hovudinntektskjelda. Her er trøng for å legge til rette for både delar, då landbruket representerar ein stor verdi i Tokke med omsyn til verdiskapning, busetnad og kulturlandskap.

Strukturen i det norske landbruket er i rask endring. Det vart lagt ned 1.000 bruk sist år og vi er nede på 41.000 bruk i drift i Noreg. Frå 1995 -2012 var nedgangen på 46% .

Tokke hadde i 2008, 88 bruk som søkte produksjonstilskot. I dag er det 70 bruk . Ein nedgang på 20 %. Det er sauebøndar med rundt 60 vinterføra sau som har slutta. Vi veit at mange sauebøndar i dag er rundt 60 år . Den store utfordringa for Tokke kommune og næringa er å få til eit eigarskifte på desse bruka slik at flest mogelege vert drive vidare. Dette er grunnfjellet i Tokke- landbruket, difor er det viktig.

Det er viktig at særegne ressursane i Tokke vert nytta best mogeleg. Tokke kommune vil arbeide for å styrke bruk som prioriterar utnytting av lokale ressursar, og som ynskjer og drive eit aktivt landbruk.

I denne prosessen er det bøndene som bedriftseigarar som har ansvaret til å utvikle eigedomane sine. Kommunen skal vere ein støttespelar i denne prosessen, men ein må vera klar over at kommunen har to roller. Ein rolle som næringsutviklar og ein rolle som forvaltar av lovar og forskrifter.

Det er grunn til å taka med seg litt om kva som skjer rundt oss, når vi skal laga ein slik plan. I dag er det 1 milliard menneske som svelt.

Verdens matvareorganisasjon FOA seier at matproduksjonen i verden må auke med 70 % fram til 2050. Landbruksmeldinga seier at Noreg skal auke matproduksjonen her i landet med 20 % fram til 2030.

Ein del av auken i vår matproduksjon er tufta på auka import av kraftfór , mens ein stadig større del av jordbruksarealet vårt er ute av drift. Import av soya frå Brasil som viktig protein i kraftfóret er ein stor usikkerhet i vår produksjon.

Det er mange positive signal framover for landbruket vårt. Vi skal gjennom eit grønt skifte der både jordbruket og ikkje minst skogbruket har ein viktig rolle. Her ligg utnytta moglegheitar også for oss i Tokke.

Så er det slik at vi har eit handlingsrom lokalt, sjølv om det ikkje er optimismen som rår grunnen om dagen. Dette handlingsrommet er det denne planen bør syte for at vi utnyttar.

I ulike samanhengar meiner vi at ein ikkje ser kva landbruket i Tokke er eller betyr. Derfor har vi samla nøkkeltal for kommunen.

Desse tala er nokon henta frå lokal kunnskap (LK) nokon frå Produksjonstilskot (PT), Statistisk sentralbyrå (ST) og dei vi ikkje har greidd å fornye er frå Landbruksmelding for Telemark (LT)

Nøkkeltal for landbruket i Tokke pr. 01.01.2016:

- | | | | |
|---------------------------------------|---|--------------------|----|
| ▪ Bruk med busetnad 178 | - | potensiale 209 | LK |
| ▪ 70 gardsbruk i drift - 2014 (69) PT | - | potensiale 130-150 | LK |
| ▪ 43 bruk med husdyr – 2014 (46) PT | | | |

Jordbruk etter søknad om produksjonstillegg 2015

1. 6 bruk med kumjølk produksjon, 66 mjølkekryr
2. 6 bruk med ammekyr, 71 ammekyr
3. 2 bruk med mjølkegeit, 100 mjølkegeiter
4. 30 bruk m. sau, 2489 vinterfora sau
5. 44 bruk m/husdyr
6. 27 fôrprodusentar -
7. 11.638 daa fulldyrka jord, 837 daa overflatedyrka jord og 2.796 daa innmarksbeite.

Skogbruk:

- Balansekvantum: 45.000 m³
- Gjennomsnittleg årleg avverking 1986 - 2015: 28.757 m³
- Gjennomsnitts skogareal pr. eigedom 750 da (eigedomar med over 25 daa skog)


Årleg verdiskaping i landbruket:

◊ Gjennomsnittleg årleg bruttoverdi tømmer (1987 – 2015)	kr.	7 600 000,-
◊ Mjølk, gjeld ku og geit (2015 tal)	kr.	3 200 000,-
◊ Kjøtt (2015 tal)	kr.	13 800 000,-
◊ Fôrsal (2015 tal)	kr.	870 000,-
◊ Produksjonstilskot (eks. pristilskot)	kr.	12 400 000,-
◊ *Småvilt	kr.	200 000,-
◊ Elgkjøt (12 t à 75 kr/kg, 2015 tal)	kr.	900 000,-
◊ *Fiske	kr.	50 000,-
◊ *Gardsturisme	kr	100 000,-
◊ *Foredling av tømmer- vedsalg og gardsager	Kr	300 000,-
TOTALT	kr.	38 970 000


Vi kunne vel her også ha teke med villreinjakt, men pr. definisjon er det utmark. Det vert gjeve fellingsløyve på 106 reindsdyr.

Foredling av kjøtt, fisk er avgrensa og ikkje med.

Tala er henta frå offisiell landbruksstatistikk. Dei merka * er etter lokalkunnskap og skjønn



Antall søkerar på produksjonstilskot



Utvikling i folketalet

TABELL: Folkemengd 1. januar og endringar i kalenderåret

År	Folkemengd	Fødte	Døde	Fødselsoverskot	Innflyttingar	Utflyttingar
2000	2506	28	40	-12	91	98
2001	2487	29	44	-15	117	92
2002	2497	17	35	-18	74	97
2003	2454	25	23	2	94	86
2004	2465	24	27	-3	83	83
2005	2463	20	41	-21	69	94
2006	2417	28	35	-7	93	83
2007	2414	20	38	-18	75	105
2008	2366	21	35	-14	86	76
2009	2363	21	24	-3	85	108
2010	2337	25	25	0	76	97
2011	2316	19	38	-19	85	96
2012	2287	17	34	-17	84	70
2013	2284	20	42	-22	84	89
2014	2257	12	27	-15	85	75

Kjelde: SSB

3. OVERORDNA MÅL FOR TOKKE-SAMFUMMET

Kopling til andre kommunale planar:

Samfunnsdelen:

Hovudmål for Tokke kommune:

- *Kraft, kompetanse, kultur, landbruk og natur er grunnlaget for vekst og utvikling av Tokke*

5.2.3 Landbruket i Tokke er ei viktig næring som skal ivaretakast og gjevast høve til utvikling

Strategi/ tiltak:

- Styrke kompetansen i landbruket gjennom regionalt samarbeid og styrke ressursar til rådgjeving.
- Vere positive til, og leggje til rette for nye næringar og driftsformer i landbruket.
- Tokke skal vere aktive i arbeidet med å halde oppe kulturlandskapet i heile kommunen, gjennom økonomiske verkemiddel og beitebruk
- Arbeide for å sikre rekruttering og å legge til rette for tilleggsnæringer. Samarbeide med næringa om "startmappe" for nyetablerte i landbruket.
- Leggje til rette for auka busetnad på landbrukseigedomar med støtteordningar og buplikt.

Kommuneplanen sin arealdel:

«I LNF-område kan det ikkje gjevast løyve til andre tiltak enn dei som er knytt til stadbunden næring(tradisjonelt landbruk).

4. VISJON OG MÅL

VISJON

Tokke kommune skal ha levande bygder der landbruket medverkar til sysselsetting og busetting, og gjer Tokke til ein god stad å bu.

HOVUDMÅL

- Landbruket i Tokke kommune skal oppretthalde og utvikle kjøtproduksjon, sauehaldet og mjølkeproduksjonen på geit på minimum på dagens nivå . Når det gjeld mjølkeproduksjonen på ku, vil vi stimulere dei som er tilbake så langt det fins ressursar. Bare framtida vil vise korleis det går med denne produksjonen. Vidare skal landbruket pleie og taka vare på kulturlandskapet
- Landbruket i Tokke kommune skal utvikle og auke verdiskapinga innafor jordbruk, skogbruk, utmark, turisme, småskalaproduksjon og andre tilleggsnæringer.

5. STRATEGIAR OG TILTAK

5.1 Tokke kommune skal sikre areal- og ressursgrunnlaget for landbruket.

TILTAK

- I saker som gjeld frådeling og samanslåing av landbrukseigedomar skal Tokke kommune bruke jordlova aktivt for å styrke og utvikle landbruksnæringa. Busetnad vil likevel vera ein viktig del av dette, innanfor det småkalalandbruket vi har i Tokke.
- Tokke kommune vil vidareføre ei restriktiv haldning ved sakshandsaming knytt til buplikt. Endring av lover og forskrifter vil likevel måtte føre til ei visse endringar.
- Tokke kommune skal medverke til god arrondering og unngå nedbygging av gode landbruksareal.
- Tokke kommune skal setje i gang eit arbeid for å utnytte dei beiteressursane vi har i skogen i låglandet på ein betre måte. Det er viktig at ein her ser på beitetrykket i høve til ulempar for skog og utøving av jakt på desse områda. Målet må vera å få tilbak ein

del husdyr på desse områda, så landskapet ikkje gror heilt att. Tilskott til gjering av slike område kan vera eit tiltak som ein vil sjå på . Utnytting av ny teknologi som den elektroniske sauebjølla vil vera sentralt i dette arbeidet.

- Tokke kommune skal auke innsatsen for at fleire skal vedlikehalde den dyrka jorda si. Dette gjerast ved å vidareføre eit forenkla tilskotet til grøfting. Ein har tilskot pr .m grøft i staden for pr. da som den statlege.

5.2 Tokke kommune skal medverke til å sikre kulturlandskap med bygningar, kulturminne og kulturmark og verdfulle naturområde.

TILTAK

- Informere om økonomiske tilskotsordningar.
- Stimulere til langsiktige avtaler om jordleige og beiteavtaler.
- Stimulere til restaurering av bygningar.

Fylkesmannen kom for ein del år tilbake med ynskje om at kvar kommune prioriterar nokre viktige kulturlandskapsområde for sin kommune.

Tokke gjorde det og fekk ekstra med midlar for å gjera det. Andre kommunar gjorde ikkje dette. Frå 2013 fekk desse kommunane pålegg frå Fylkesmannen om å gjera det Tokke har gjort i alle år.

I tråd med dette har Tokke kommune valt å legge vekt på ein rapport, utarbeidd i 1994 av Telemarksforsking, over nasjonale, verdifulle kulturlandskapet i Telemark, på oppdrag frå Fylkesmannen i Telemark. Det gjer at vi prioriterar midlane våre til meir samanhengande areal enn ein del andre kommunar.

Vi held fast på denne prioriteringa.

Spesielt prioritera kulturlandskapsområde i Tokke er :

- **Froland / Kleppholt**
- **Eidsborg**
- **Lårdal**
- **Åsgrend**

Grunngjeving for status som kulturlandskapsområde:

Froland – Kleppholt: Særprega landskap, artsrike sjeldne kulturmark typer.

Eidsborg: Stor søsterhånd-lokalitet, elles relativt artsrikt.

Lårdal: Mange botaniske/økologiske kvalitetar, Veldig artsrikt.

Åsgrend: Representativt landskap, fare for attgroing.

5.3 Tokke kommune skal medverke til å sikre leveområde og livskraftige bestandar av planter, fisk og vilt.

TILTAK

- Stimulere til organisering av grunneigarlag.
- Stimulere til at årmenta får tilgang til jakt og fiske.
- Syste for at Naturmangfaldloven sin § 8-12 vert vurdert i alle inngrep.
- Gjera tiltak for å sikre villreinen på Setesdal Austhei. Implementere Fylkesdelplanen –Heiplanen i Arealdelen vår vil vera viktig i så måte.

5.4 Tokke kommune er ein kommune for landbruket.

TILTAK

- Kommunen skal møte næringsutøvarar som vil utvikle eigedommane sine med ei positiv haldning, vere rådgjevarar og finne løysingar innanfor rammer som lover og forskrifter set.

5.5 Tokke kommune skal kunne tilby landbruksrådgjeving med høg fagkompetanse.

TILTAK

Kommunen skal ha tilgang til kompetanse og ressursar til:

- sakshandsaming etter jordlov, konsesjonslov, skoglov ,viltlov og fiskelov.
- kommunen skal vera ein aktiv aktør i høve til konsesjonssøknader, delingssaker og langsiktig jordleige.
- rådgjeving og informasjon.
- informasjon om alle tilskotsordningar i landbruket.
- å legge til rette og stimulere til verdiskaping .
- å styrke landbruksbaserte tilleggsnæringer.
- Vurdere organiseringa av kommunen si landbruksforvaltning.

Tokke kommune må i løpet av denne planperioden vurdere korleis dette skal gjerast. Skal kommunen ha ei eigen landbruksforvaltning eller skal ein inngå eit samarbeid med ein eller fleire av nabokommunane.

5.6 Avløysing på husdyrbruk.

TILTAK

- Husdyrbrukarane har trong for avløysing. Saman med organisasjonane i landbruket vil ein arbeide for at husdyrbrukarar har eit greitt tilbod for avløysing i ferie og ved sjukdom. Dette fordi avløysing er avgjerande for gardsbruk med husdyrhald.

5.7 Tokke kommune skal medverke til auka lokal foredling av landbruksprodukt.

TILTAK

- Tokke kommune skal hjelpe dei som ynskjer å vidareforedle eigne råvarer med råd og hjelp.
- Tokke kommune skal stimulere og bidraga til vidareutvikling av eit fagmiljø for dei som utnyttar tømmer til ved, bioenergi eller gardsager.
- Tokke kommune skal ha som mål å få til eit anlegg for bioenergi på nokon av sine eigne bygg eller andre store bygg i kommunen. Ein har jobba med dette for bygningsmassa rundt kulturhuset, barne og ungdomsskulen og Vest-Telemark vgs. slik at her ligg det planar. Det var ikkje lønsemeld den gongen. I dag er ikkje økonomien til stades, men ting endrar seg fort og dette kan vera eit naturleg prosjekt som det er jobba med, dersom tidene skulle endre seg.
- Tokke kommune skal og jobbe for fleire gardsvarmeanlegg med bruk av bioenergi.

5.8 Tokke kommune skal medvirke til ein skogkultur som gjev kvalitet og god vekst i framtidsskogen.

TILTAK

- Auke interessa og kunnskapen kring skogkultivering gjennom kurs, informasjon og oppsøkjande verksemder.
- Prioriteringar av tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket skal årleg vurderast med det som utgangspunkt.
- Kommunen skal aktivt følgje opp bærekraftforskrifta som pålegg skogeigarane å syte for tilfredstillande forynging av hogstfelt innan 3 år etter hogst.

5.9 Tokke kommune skal medverke til at infrastrukturen i skogen ikkje forfall.

TILTAK

- Legge til rette for opprusting av skogsbilvegnettet til eit tilfredsstillande nivå.

6.0 EVALUERING AV DEN FØRRE PLANEN.

Det vil alltid vera vanskeleg å vurdere verknaden av ein plan som dette, men den ligg i systemet og er ei rettesnor som kan og bør takast fram i blandt.

Det er ikkje vanskeleg å finne moment i planen som ikkje blir prioritert, men hovudretninga at landbruket i Tokke er ei viktig næring og viktig for busetnaden i kommunen det ligg fast.

I perioden har vi fått tilbake noko økonomiske virkemiddel, det har vore viktig. Desse har blive bruka som følgjande:

OVERSYN OVER UTBETALINGAR TIL LANDBRUKET FRÅ 2013-2015.

	2013	2014	2015
Grøfting (antall søknader) kr	109.232 (7)	31.000 (3)	62.000 (2)
Driftsbygningar (antall søknader) kr	325.258 (2)	969.741(4)	420.000 (2)
Sum	kr 434.490 (9)	1.000.741(7)	482.000 (4)

Den nye planen får betre fram kva landbruket betyr i verdiskapinga. Det bør vera interessant lesing.

Landbruksforvaltninga oppsummerer jord- og skogbruket i kommunen kvart år i ord og tall. Dette ligg på heimesida vår :

<http://www.tokke.kommune.no/tjenester/naering-og-landbruk/landbruk>

6.2 Forvaltning av tilskott og storleiken på tilskotta.

Vi har dei siste åra hatt kr 500.000 til disposisjon i landbruket.

Det er vår vurdering at vi ikkje kan gjera endringar i tilskottsreglane etter budsjett-handsaminga kvar haust.

Vi gjer difor framlegg om følgjande måte å handsame søknader til ymse landbruksføremål på:

1. Det vert sett ein søknadsfrist kvart år. Vi gjer framlegg om 1. sept.
2. Dei ulike føremål det kan gevast tilskot til ligg fast i planperioden.
3. I budsjettet for påfølgjande år vert dei ulike føremål prioritert.
4. Sak om løyving til landsbruksføremål vert lagt fram som sak i UTU i oktobermøte og går vidare til FS og kommunestyret.
5. Tilsagn vert gjeve med den satsen som generelt er vedteke i landbruksplanen eller som endring i budsjettet kvart år.
6. Antall søknader som vert innvilga er i høve til storleiken på løyvinga som ligg i budsjettet.
7. Ein kan ha gjennomført tiltaket før ein søker, men etter dei reglane som tilskotet anviser. Kommunen presiserar at ein gjer det på eige ansvar og at ein ikkje vert prioritert høgare fordi om tiltaket er gjennomført.

6.3 FØREMÅL DET KAN GJEVAST TILSKOT TIL I PLANPERIODEN.

- 1. 20 % tilskot til oppgradering /nybygging av driftsbygningar i landbruket. Avgrensing oppover til kr 400.000.**

Vilkår :

Godkjent økonomisk plan for utbygginga av Landbrukssjefen.

Må ha eit ressursgrunnlag i botn - beite /dyrka mark.

Vedlikehald vert det ikkje gjeve tilskot til.

Nedre grense for tilskot er kostnad på kr 50.000

- 2. 40 % tilskot til grøfting av dyrka mark. Maks. kostnad kr 150 pr. lm. Tilskotet avgrensa til kr 60 pr. lm.**

Vilkår:

Godkjent plan av kommunen. Kommunen skal synfare under arbeidet.

Grøftene skal vera lagt inn på kart.

Driveplikt på arealet i 5 år framover.

Ingen avgrensing av kven som skal få tilskot.

- 3. Tilskot til bygging av dei 5 fyrste gardsanlegg for biovarme. Tilskott kr 40.000,- pr. anlegg.**

Vilkår:

Dette gjeld bare landbrukseigedomar over 100 da.

Eigaren må bu sjølv på bruket.

Må ha godkjent søknad av Innovasjon eller Enova.

- 4. 7. Tilskot til kjøp av mjølkekvote 50 % .**

Vi har hatt tilskot 50 % til kjøp av mjølkekvote. Dette er for dei som har kvote og driv i dag. Det er no 6 som driv med mjølk i Tokke i dag.

Talet på mjølkebøndar går ned. Dette er eit tiltak for å stimulere dei som er tilbake.

- 5. Tilskot til oppgradering av dyrka mark - 30% , maks kr 2.500 pr. da.**

Dette er eit tilskot til oppgradering av jordbruksareal som ikkje tilfredstiller dei krava ein set til moderne hausting og fornying av eng.

6. Tilskot til nydyrkning 40% av kostnaden inntil kr 5.000 pr. da.

Vilkår:

1. Nydyrkninga og planen for dyrkinga skal godkjennast av kommunen på førehand.
2. Det er husdyr på bruket eller ein er i oppstartingen.
3. Det er driveplikt med husdyr i 5 år etter at tilskotet er gjeve

7. For andre tiltak vert det å søkje over Næringsfondet på ordinær måte.

21. april 2016